



DOVRE KOMMUNE

MØTEBOK - PROTOKOLL

Utvalg/styre/ råd:	Møtedato:	Innkalling av:	Møtested:
Kontrollutvalet	10. oktober 2018	27. september 2018	Båtsto

Til stede på møtet:

Av i alt 3 medlemmer var tre faste til stades.

Økonomisjef Jon Arve Tøndevoldshagen.

Revisor Anne Hesthagen.

Sekretær Morten Sørhage førte møteboka.


Møtet varte frå kl. 1300 til kl. 1530

Underskrifter:

Vi stadfestar at det som er ført på sak nr. 12-17/2018 er i samsvar med det som ble vedteke i møtet.


Johan Solli


Frode Stordal


Rannei Hovde

Utskrifter:

Protokoll frå kontrollutvalets møte går til:

- Medlemmene av kontrollutvalget og varamedlemmer.
- Dovre kommune, rådmannen
- Dovre kommune, v/ordføreren
- Innlandet Revisjon IKS

Møteinnkalling, sakliste og protokoll fra siste møte vart godkjent utan kommentar.



KONTROLLUTVALGET I DOVRE

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 10. oktober 2018	Saksnr: 12/18
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

VURDERING AV REVISORS UAVHENGIGHET FOR 2018

Saksdokument:

- Revisors vurderingar av uavhengighet for 2018 (vedlagt)
 - o oppdragsansvarleg

Saksframstilling:

Kontrollutvalget sine oppgaver med regnskapsrevisjon er hjemlet i Kommuneloven § 77 nr. 4 og Kontrollutvalgsforskriften kapittel 4.

Kontrollutvalget har et ansvar for å se til at regnskapene blir reviderte på en forsvarlig måte. Dette er knyttet til flere forhold:

- At revisjonen skjer i samsvar med lover, regler og god kommunal revisjonsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen følger eventuelle avtaler som revisor og kontrollutvalget har inngått

Kontrollutvalget fyller sitt ansvar for å se til at revisjonen blir utført på en forsvarlig måte ved å gjennomføre aktiviteter knyttet til oppfølging av revisjonen. Dette kan blant annet omfatte revisor sin uavhengighetserklæring.

Sekretæren har vurdert revisor sin erklæring om uavhengighet for 2018 og har ingen merknader til denne.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalget tar revisor sin erklæring om uavhengighet til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen spørsmål til revisor.

Vedtak:

Kontrollutvalget tar revisor sin erklæring om uavhengighet til orientering.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 10. oktober 2018	Saksnr: 13/2018
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

INNLANDET REVISJON IKS – RAPPORT 2. TERTIAL 2018

Vedlegg:
Tertialrapport 1/2018

Innlandet Revisjon IKS rapporterer etter oppdragsavtalen pr. tertial. Vedlagt oppstilling viser ressursbruken pr. 31/8 – 18, samt prognose for året 2018.

Som oppstillinga viser, blir Dovre, som ei kommune i Nord-Gudbrandsdal, tilleggsfakturert for å opparbeide tilstrekkelege midlar til pensjonsfond.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 2/2018 til orientering.

Handsaming:

Revisor gjekk gjennom/oppsummerte. Forklarte

Vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 2/2018 til orientering.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 10. oktober 2018	Saksnr: 14/18
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

Vedlegg:

Innlandet Revisjon IKS: Hovedtrekkene i overordnet revisjonsstrategi for 2018

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI 2018

Etter gjeldende avtaler legg Revisjon Innlandet IKS fram overordna revisjonsstrategi 2018. Strategiplanen beskriv revisjonsomfanget og tidsplanen. Vidare er den bakgrunn for styring av oppdraget og gjev føringar for revisjonsplanen. Hovudtrekka i overordna revisjonsstrategi har desse hovudpunkta:

- Inndeling revisjonsområde
- Risiko- og vesentlegheitsvurderingar
- Tidspunkt for gjennomføring og styring
- Metodikk
- Identifiserte vesentlege risikoområde
- Attestasjonsoppgåver

Arbeidet med revisjonen vil rullerast etter kvart som revisjonen blir utført. Innlandet Revisjon vil kommunisere dette undervegs.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Revisor gjekk gjennom saka. Forklarte prosessen. Svara på spørsmål.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 10. oktober 2018	Saksnr: 15/2018
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

Vedlegg:

Utkast til oppdragsavtale mellom kontrollutvalet i Dovre og Innlandet Revisjon IKS

OPPDRAAGSAVTALE MED INNLANDET REVISJON IKS

Hovudansvaret for revisjonsordninga ligg til kommunestyret. Kontrollutvalet har tilsyn med utføringa av revisjonen og fylgjer opp tenestene. I samband med dette ligg føre oppdragsavtale som formaliserer tenesteytinga. Avtalen fornyast årleg. I hovudtrekk omfattast:

- Økonomi – betaling for tenestene
- Dialog og rapportering kontrollutval – revisjon

Revisor har lagt til grunn tidlegare budsjett med eit påslag på 3 %, totalt kr. 655 450. Når ein ser på fordelinga av tenester, vil da rekneskapsrevisjon vera basis i avtalen.

Forvaltningsrevisjon er på bakgrunn av dette kalkulert til eit arbeidsomfang på 144 timar.

Revisor gjer greie for at eit forvaltningsrevisjonsprosjekt normalt krev om lag 250 timar.

Differansen utgjer 106 timar x kr. 1050 = kr. 111 300.

Forslag til oppdragsavtale med tillegg for fullstendig forvaltningsrevisjon vil utgjera kr. 766 750.

Vurdering:

Det er i røynda store, auka kostnader. Desse må ein setja opp mot krav i lovverket. Dei siste åra har det ikkje vore kapasitet til å fylle kravet til forvaltningsrevisjonar. Dette har kontrollutvalet prøvd å kompensere med orienteringar direkte frå tenesteytarane.

Dovre kommune har vedteke plan for forvaltningsrevisjon. I planen er forutsett eit årleg prosjekt, som også er kravet i kommunelova med forskrifter. For å fylle lovkravet i dag, krevst altså ei større budsjetttramme.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS med ei kostnadsramme på kr. 766 750.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom og drøfta saka. Sekretær og revisor oppklarte.

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS med ei kostnadsramme på kr. 766 750.

Samrøystes.



KONTROLLUTVALGET I DOVRE

MØTEBOK

Kontrollutvalget i Dovre kommune	Møtedato: 10. oktober 2017	Saksnr: 16/18
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

BUDSJETT 2019 – KONTROLL OG TILSYN DOVRE KOMMUNE

Vedlegg:

Oppdragsavtale for Innlandet Revisjon IKS
Budsjettvedtak i styret for SKNG

Saksframstilling:

Etter Forskrift om kontrollutvalg § 18 skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for utgifter til kontrollutvalget, sekretærbistand og revisjon. Forslaget til budsjett skal **uendra** leggjast ved innstillinga formannskapet har til kommunestyret, slik at dette forslaget er kjent for kommunestyret når totalbudsjettet skal handsamast. Formannskapet kan likevel foreslå et lågare beløp i samla budsjett.

Det er berre kommunestyret som kan endra forslaget frå kontrollutvalet. Grunnen til at budsjettet for kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalget skal være fritt og uavhengig av organa som utvalet skal kontrollera. Det er derfor ueheldig om administrasjonen eller eit anna organ som kontrollutvalet skal kontrollere og føre tilsyn med får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet.

Budsjettforslaget er delt inn i 3 hovedpunkt. Utgifter til revisjon, utgifter til sekretariat og kontrollutvalets egne utgifter (godtgjersle, kurs, reiseutgifter, andre møteutgifter m.m.).

Revisjonens budsjettforslag:

Innlandet Revisjon IKS har utforma oppdragsavtale for revisjonsarbeidet 2019. Denne er handsama i eigen sak nr. 15/2018, og må vurderast i samanheng med totalt budsjettforslag. For å få tilstrekkelege midlar til forvaltningsrevisjon, er omfanget auka i høve tidlegare år.

Sekretariatets budsjettforslag:

Kommunen deltek i det interkommunale samarbeidet Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG). Styret i SKNG har handsama og godkjent budsjettet den 28. august 2018.

Kontrollutvalets arbeid:

Det er ein fordel at medlemmane og varamedlemmane i kontrollutvalget får nødvendig opplæring. I budsjettet er det teke høgde for at dei deltek på relevante konferansar. Organisasjonane NKRF (Norges kommunerevisorforbund) for og FKT (Forum for kontroll og tilsyn) arrangerar relevante konferansar i samanhengen. Det er teke høgde for at leiar og nestleiar deltek på ei av desse.

Kontrollutvalet reknar med å ha om lag 5 møter i året.

Forslag til budsjett for kontrollutvalgsmedlemmene:

- Møtegodtgjersle	kr 10.000
- Tapt arbeidsfortjeneste	kr 5.000
- Arbeidsgiveravgift	kr 1.000
- Reiseutgifter KU-medlemmer	kr 5.000
- Møter, konferanser KU-medlemmer	kr 20.000
- Møteutgifter (servering m.m.)	kr 2.500
- Kontingent FKT	kr 3.500
- <u>Uforutsette utgifter</u>	kr 20.000
- <u>Sum</u>	kr 67.000

Generelt om budsjettet:

For å gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille nødvendige ressursar til disposisjon.

Kontrollutvalet skal gjennom budsjettet dekkje alle oppgåver innanfor arbeidsfeltet. Dette gjeld mellom anna regnskapsrevisjon, gjennomføring av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Kontrollutvalet har eit på-sjå-ansvar av den økonomiske forvaltninga i kommunen.

Det er viktig at budsjettet også tek høgde for uventa utgifter.

Kontrollutvalets har ansvar for å sørge for at alle arbeidsoppgåvene innanfor arbeidsfeltet blir gjennomført, og at dette skjer innanfor budsjetttrammene for kontroll- og tilsynsarbeidet.

Kontrollutvalgets budsjettforslag for 2018:

Utgifter til revisjon	Kr. 766 750
Utgifter til kontrollutvalgssekretariat	Kr. 141.888
Utgifter til kontrollutvalgets medlemmer	Kr. 67.000
Samla budsjett kontroll- og tilsynsarbeid 2018	Kr. 975 638

Forslag til vedtak/innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalget i Dovre kommune tilrår et samlet budsjett for kontroll og tilsyn for 2019 på Kr 975 638.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saksframstillinga.

Innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalget i Dovre kommune tilrår et samlet budsjett for kontroll og tilsyn for 2019 på Kr 975 638.



DOVRE KOMMUNE

KONTROLLUTVALGET

MØTEBOK

Kontrollutvalget	Møtedato: 10. oktober 2018	Saksnr: 17/2018
	Saksbehandler: Morten Sørhage	

ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Etter årsplanen og vurderingar av leiar er administrasjonen innkalla for å gje oversikt og orienteringar over fylgjande tema:

- Tertialrapportering
- Internkontroll – oversikt over evt. avvik
- Brukarundersøkingar
- Medarbeiderundersøkingar
- Arbeid/framdrift skulestruktur

Handsaming:

Økonomisjef Jon Arve Tøndevoldshagen orienterte etter tema i innkalling.

Tertialrapportering – økonomisjefen viste til rapportering til formannskap/kommunestyre utan å gå inn i tallmaterialet.

Internkontroll – Dovre kommune brukar systemet Compilo og handterer avvik som blir registrert. Økonomisjefen forklarte litt om oppbygginga av systemet og svara på spørsmål.

Brukar-/medarbeidarundersøkelsar – Dovre kommune har ikkje gjennomført undersøkelser siste år. Dei gjennomfører medarbeidersamtalar.

Skulestruktur – Økonomiplanen inneheld ikkje forslag om strukturendring. Det er lagt opp til innsparing på ein million i skulesektoren.